

# Nattverd i open kyrkje

Denne nattverdsliturgien kan ein nytta til enkeltpersonar eller små grupper i open kyrkje. Nattverdsutdelinga skal ikkje kunngjerast på førehand, då dette ikkje er eit arrangement, men skjer ved at ein kjem til open kyrkje med ønskje om nattverd. I liturgien er det brukt ei justert utgåve av nattverdsbøn F i ordning for hovudgudsteneste i Den norske kyrkja. I og med at dette skal vera for enkeltpersonar, skal ikkje liturgien markera preget av vedkjenningshandling. Nattverd er eit fellesskapsmåltid og ei nådeshandling. Liturgen må tilpassa situasjonen til den enkelte som ønskjer nattverd, og nokre A-ledd er difor sette opp som A/L.

Nokre ledd i liturgien er gjorde om til kan-ledd. Ut frå den aktuelle situasjonen kan liturgen også leggja inn salme og eventuelt ei bibellesing ut over det som alt finst i liturgien. For at alle skal kunne følgja liturgien, bør han vera trykt og tilgjengelig.

Namn og telefonnummer til dei som tek imot nattverd, skal registrerast. Av omsyn til smittevern kastar ein arka etter bruk. På grunn av smittevern kan det også vurderast om deltakarane i nattverden skal bli ståande etter utdelinga, slik at ein går minst mogleg rundt i rommet. Elles blir nattverdsliturgien forretta innanfor den smittevernsretteleinga som til kvar tid gjeld for Den norske kyrkja.

## Inngangsort

---

**L** | I namnet åt Faderen og (✠) Sonen og Den heilage ande.

ELLER

**L** | I namnet åt Faderen og (✠) Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

## Tekstlesing

---

Lesing frå evangeliet for dagen eller annan høveleg tekst, til dømes Jes 41,10 eller Matt 11,28-30.

## Kort refleksjon over teksten

---

## Prefasjonsdialog

---

**L seier** | Herren vere med dykk.

**K seier** | Og med deg vere Herren.

Her kan følgja:

**L** | Lyft dykkar hjarte.

**K** | Vi lyfter våre hjarte til Herren.

**L** | Lat oss takka Herren vår Gud.

**K** | Det er verdig og rett.

## Prefasjon

---

**L** | Gode Gud, du har skapt oss og kalla oss ved namn. Du opnar di hand og mettar alt som lever med det gode. Vi takkar deg for Jesus Kristus, vår frelsar. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv. Vi bed deg: Send din Ande over oss og gåvene dine, så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

## Innstiftingsorda *VERBA*

---

**L** | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

### Her kan koma:

**L** | Mysteriet i trua er stort.

**A** | Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

## Fadervår

---

### Vert lesen

**A** | Vår Far i himmelen!  
Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.  
Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt og makta og æra i all æve.  
Amen.

### Her kan koma:

#### *Brødsbryting*

**L seier** | Brødet som vi bryt, gjev oss del i Kristi kropp.  
Fordi det er eitt brød, er vi alle éin kropp.

**L** | Kom, for alt er gjort ferdig.

## Nattverdsmåltidet

---

### Utdelingsorda lyder slik:

Kristi kropp, gjeven for deg.

Kristi blod, gjeve for deg.

## Etter utdelinga

---

**L seier** | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.

**A (eller L)** | Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

**L** | Fred vere med dykk.

## Takkebøn

---

**L** | Lat oss takka og be

**A/L** | Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet, for Jesu Kristi skuld. Amen.

## Velsigning

---

**L** | Herren velsigne deg og vare deg.  
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.  
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠